



Tårnagentane er eit landsomfattande opplegg og dette er den illustrasjonen som symboliserar opplegget.

Dei har allereie vore på ferde i Husneskyrkja og i morgon kjem dei til kyrkja vår i Uskedalen. Vi siktar til tårnagentane, eit landsomfattande tiltak med 8-åringane som målgruppe.



Husnes-agentane samla i kyrkja under deira tårnagenthelg. (Foto: Kvinnheringen).

Gjennom å vera "agentar" skal dei få oppleva kyrkja, tårnet, bibelen og fellesskapen. Dei skal utfordra seg sjølve, kyrkjelyden og nærmiljøet med oppdrag som startar i bibelforteljingane.

Opplegget varierar frå kyrkje til kyrkje og i Uskedalen er to årsklassar inviterte - dei som er født i 2001 og 2002.

Det tyder at rundt 30 er inviterte til å vera med og inntil fredag føremiddag har 15 av dei meldt seg på.

Sokneprest Kristian Due håpar at det melder seg fleire. I så fall blir dei engasjerte i kyrkja og servering i Bedehuset etterpå frå klokka 13 til 18.

Opplegget i Uskedalen er tredelt - det blir løysing av rebusar, jakt på symbolar og tur i tårnet, fortelsoknepresten. Under familiegudstenesten sundag klokka 11 skal så dei unge agentene etter å ha førebudd seg laurdag presentera resultatata av det dei var med på dagen før.

- Det er presentert eit sentralt rammeopplegg som vi har plukka frå, fortel soknepresten.

Utan å røpa kva oppdraga i kyrkja i Uskedalen heilt konkret går ut på kan vi opplysa at "agentane" på Husnes mellom anna måtte gjennom ein labyrint. Dei måtte krypa gjennom eit røyr, balansera på ein planke, gje fingeravtrykk og smyga seg gjennom ein vegg med trådar utan å vera borti dei. Som premi fekk dei kvar sitt agentprov og snop.

Etterpå vart dei delt inn i grupper utifrå kva dyr dei hadde på provet sitt og gjekk på symboljakt rundt i kyrkja. I tårnet fekk dei sjå klokka og til og med ringja med ho.

Av Ola Matti Mathisen